


# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for januar 2014.

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713

Årgang 49



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
President: IL, 6060 Hareid.  
Visepres: Karin S Holstad  
Sekretær: Øystein Alme  
Kasserar: Arne G. Aschehoug  
Past pres: Johs. J. Hareide  
Styremedlem: Jarle Kristiansen  
Styremedlem: Bernhard Harkjerr  
Ansv.red.: Eileen H. Brandal  
Referent: Oddvar Haugen  
Referent: Ingar Bigset

## Fødselsdagar i januar:

|                    |            |
|--------------------|------------|
| Eileen Brandal     | 6. januar  |
| Hans Gisle Holstad | 7. januar  |
| Vigdis Riise       | 14. januar |
| Anders Riise       | 25. januar |

**Lykka.**

Eig du ei solstråle del og vær blid  
Då kan ho lyse opp kvar veg og kvar sti  
Ha omsorg for andre og ta vare på dei  
Bry deg ikkje so mykje om kva andre sei  
Berra då kan ho leve til evig tid

**Rotarymøte mandag 06. januar 2014**

President Karin ønskete som vanleg alle velkomne - også eit par potensielle nye medlemmer som ville vere med oss på dette møtet.

Denne kvelden skulle filmen om Hareidselva visast. Den heiter "Historia om Hareidselva" og er bygd opp kring ei vandring langs Hareidselva frå osen ved sjøen og fram til Grimstadvatnet. Det er også klipt inn nokre gamle stillfoto som er tekne frå før 2. verdskrig og like etter.

Einar Holm fortel historia om livet ved elva frå mellomkrigstida og fram til no. Vi fekk vite kor viktig elva og vatnet i elva var for livsopphald og leik langs elvebreidda og på badeplassar. Om fisk, fugl og elvemusling i og rundt elva.

Vandringa starta nedst ved osen der elva renn ut i sjøen og Einar Holm fortel og skildrar vakre naturscener som er filma vinter, vår og sommar. Vidare fortel han om aktivitet ved mange kvernhus og badeplassar.

Hareid Historielag er utgjevar av filmen og den er filma, klipt og redigert av Simon Gjerde Tonev, 15 år frå Hareid.

Filmen varte ca 1 time og vart vel imotteken. Applaus til Simon som synte fram filmen.



## Møte 20. januar 2014.

Johan Ole Brandal holdt eit interessant foredrag om ferieturen til Uganda i Afrika saman med sonen Erlend som er afrikavitar. Han skreiv masteroppgåva si i Gulu, Uganda, om korleis ungdomens utvikling og framtidstraumar vert påverka av krigen. "Being Young in Gulu". Han var i Uganda i 5 månadar i 2008. Han knytte då mange gode og sterke band til menneske som han gjerne ønska å besøke att, og da nytta Johan Ole høve å vere med.

**Geografi:** Uganda ligg på ekvator, som går tvers over landet i sør. Nesten ein femtedel av landet er innsjøar. Landet grensar mot Viktoriasjøen saman med Tanzania og Kenia. Kvitnilen startar i Uganda frå Viktoriasjøen og renn ut i Middelhavet, og er ei av verdens lengste elvar. Uganda grenser mot: Sør-Sudan, Kongo, Rwanda, Tanzania og Kenya. Arealet er på 241.550 km<sup>2</sup>. Folketalet er på 35 millionar, med ein vekst på 3% i året, dvs. ca. 1 millionar i året, og ein gjennomsnittleg levealder på om lag 50 år.

Johan Ole fortalte om dei politiske forholda i Uganda, både historisk tid og notida. Vidare fortalte han om kummerlige forhold med tanke på vask, overnattingsforhold og bilkjøring på dårlige vegar. Han formidla godt dei inntrykka han hadde frå reisa.

Nokre bilete frå turen til Johan Ole.



Husverten til venste



Landsbyliv



Buss

## Referat frå møte i Hareid RK 13.01.14

### Hareid Rotary Klubb, - Arkiv og historie.

Det er no berre eitt år til Hareid RK kan feire 50 års jubileum. I den samanheng har Sverre Bjästad den siste tida jobba med arkivet. Han gav eit historisk oversyn av klubben. Det vart gitt ut eit jubileumshefte i 1990 då klubben var 25 år. Erling Hareide som var charterpresident, skreiv der ein artikkel om starten på klubben. Dette tok Sverre utgangspunkt i då han fortalte om korleis starten på klubben var. For dei som ikkje har jubileumsheftet, vil dei i 2015 få sjansen til å lese denne verdifulle artikkelen av charterpresidenten vår. For det vert arbeidt med å gi ut ei jubileumsbok til mars 2015. Som ein del av den vil ein finne heftet frå 1990.

Vidare i foredraget fortalte Sverre om nokre historiske høgdepunkt i klubben frå dei første 25 åra. Gunnar Riise er no den einaste i klubben som var med i starten (chartermedlem). Han fortalte litt frå korleis han hugsa starten på klubben.

Etter foredraget etterlyste Sverre hjelp til å finne gode bilde frå ymse tilstellingar i klubben og som kan nyttast i det nye jubileumsheftet.